



Arkivsaknr: 2025/1630-6
Sakshandsamar: Asbjørn Nagell Toft
Avdeling: Samfunnsutvikling

SAKSFRAMLEGG

Kommunal overtaking av vegen til Årsvågen

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune tek ansvar for kommunal drift av vegen frå krysset i Blodvika og om lag 600 meter nordover som omsøkt av Årsvågen velforening. Dette frå 1. oktober 2026. Snuplass vert opparbeid i løpet av våren 2027 der kommunevegen skal enda her. Finansieringa av denne vert teke i samband med budsjettarbeidet for 2027.

Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad frå Årsvågen velforening om kommunal overtaking av nyasfaltet veg frå krysset i Blodvika og om lag 600 meter nordover i Årsvågen. Grunnen eig Austrheim kommune.

Saksopplysningar

Årsvågen velforening har i juli 2026 i eige skriv (vedlagt) søkt om kommunal overtaking av nyasfaltet veg frå krysset i Blodvika og om lag 600 meter nordover i Årsvågen. Veggrunnen eig i dag Austrheim kommune. Styreleiar i Årsvågen Velforening skriv følgjande til Austrheim kommune:

sak nr 2025/1630-4 -- kommunal overtakelse av veien til Åråsvågen.

Åråsvågen velforening viser til tidligere kontakt om kommunal overtakelse av veien til Åråsvågen, strekningen fra krysset med Gjerdhaugen til avkjøringen til Blodvika, senest velforeningens skriv av 15. april 2026 til kommunen og kommunens svarbrev av 17. april 2026. Dette er en oppfølging av kommunens brev.

Administrasjonen har meddelt at nevnte veistrekning er overtatt av kommunen med virkning fra 1. juni 2026. For ordens skyld ber jeg om å få tilsendt endelig vedtak i kommunestyret som bekrefter dette når det foreligger.

I kommunens skriv av 17. april 2026 heter det bl a :

«Austrheim kommune vil i løpet av året vurdere om me også skal overta drift og vedlikehald av heile vegstrekninga dykkar ut til snuplassen ved turskiltet til Øksnes. Det må vera ein god snuplass for større vedlikehaldsbilar for å snu trygt, og bilvegen må og vera brei nok så det er naturleg at me stoppar der. Det at det bur fastbuande her ute vert og vektlagt sterkt i denne saka. Det er sjølvstakt at de i Åråsvågen velforening då må ynskje å få dette vurdert av oss, gi oss gjerne tilbakemelding på dette spørsmålet. Sjå kart merka med raud pil under kor langt me tenkjer kommunal drift og vedlikehald kan verta på hovedvegen Åråsvågen.»

Åråsvågen velforening ser det slik at en kommunal overtakelse av veistrekningen som vist i kommunens skriv, vil innebære fordeler både for oppsitterne og kommunen, og støtter kommunens forslag. Veistrekningen er en forlengelse av den strekningen kommunen nå har overtatt, og det er naturlig at kommunen også ivaretar resten av strekningen. Dette gjelder særlig nå når kommunen også er grunneier til de tilstøtende arealene innenfor reguleringsplanen fra 2002. En kommunal overtakelse vil føre til at planens formål oppfylles på dette punkt i og med at hele veistrekningen er regulert til offentlig vei.

Velforeningen vil også peke på at veien, siden den ble anlagt for mer enn 20 år, har vært åpen for alminnelig ferdsel selv om den har vært privat og vedlikeholdt av velforeningen. Veistrekningen benyttes regelmessig som turvei for fastboende i kommunen, og som adkomst til Øksnesmarka turområde. Dette har tiltatt etter at velforeningen i 2021 bekostet asfaltering av veistrekningen, ca 630 meter fra avkjøringen til Blodvika og nordover. Og i 2026 bekostet velforeningen asfaltering av strekningen Gjerdhaugen til Blodvikakrysset, ca 400 meter. Veien er nå sammenhengende asfaltert fra krysset med Gjerdhaugen og hele strekningen nordover, bekostet av velforeningen.

Det er også et moment at feltet i Åråsvågen er regulert som kombinert bustad og fritidsbustadfelt. Såvidt velforeningen kjenner til, er samtlige bygg (f.t. 31 bygg), oppført i samsvar med kravene til bustad, på byggetidspunktene. Utviklingen viser også at flere eiendommer etterhvert er blitt bolig for fastboende, bl a flere familier med barn. Pr i dag er i alt sju eiendommer fastboende. Disse bruker veien i forbindelse med kjøring til barnehage, skole og fritidsaktiviteter. Kommunens ansvar for kommunale tjenester, tilsier også at hovedadkomsten til eiendommene er kommunal. Velforeningen har også forstått det slik at kommunen ønsker å satse på Åråsvågområdet, hvor det i planen fra 2002 er regulert flere bustadeiendommer i tillegg til de som er bebygd til nå. Kommunal overtakelse vil også gjøre det enklere for kommunen å regulere bruken av veien, for eksempel ved hastighetsbegrensninger.

Velforeningen er også enig i at det er naturlig å legge en snuplass i det området kommunen foreslår. Vi gjør for ordens skyld oppmerksom på at ifølge reguleringsplanen fra 2002 synes den kommunale vegen å fortsette noe lenger mot nord enn der kommunen nå foreslår snuplass. Men som påpekt av kommunen er veibredden smalere fra dette punktet. Det mest hensiktsmessige synes derfor å være en snuplass i det området kommunen foreslår.

Velforeningen vil ellers be om at snuplassen plasseres slik at bruken i minst mulig grad berører nærliggende eiendommer og at disse får anledning til å uttale seg til plasseringen.

Velforeningen takker for samarbeidet så langt. Venntligst ta kontakt dersom det er forhold kommunen ønsker å drøfte med velforeningen i anledning saken.

Austrheim, juli 2026

Jan Erik Erstad
92098162
styreleder Åråsvågen velforening

Kart under viser vegen her som vart nyasfaltert i 2021 av velforeninga:



Veg frå Blodvikakrysset er vist over


Sakshistorikk

Omsøkt veg vart nyasfaltert av velforeningen i 2021

Austrheim kommune kjøpte området i desember 2025.

Austrheim kommune overtok nyasfaltert veg (2026) til vegkrysset i Blodvika den 1. juni 2026.

Veg her er i reguleringsplanen frå 2002 regulert som offentlig køyrevveg:



Regulert offentlig vegstrekning (raud strek viser området velforeninga ynskjer kommunal veg)

Vurdering

Kommunedirektøren viser til skrivet frå Årsvågen velforening som tek opp om Austrheim kommune kan ta over drift og vedlikehald av vegen frå krysset i Blodvika og nordover. Kommunedirektøren vil informera om at kommunen skreiv eit stadfestande brev til Årsvågen Velforening den 17. april 2026 om at me skulle ta over den kommunale drifta av den nyasfalterte vegen fram til krysset i Blodvika frå den 1. juni 2026. Dette var i samsvar med avtale med velforeninga om at kommunen trong god vegtilkomst til vårt VA-anlegg nede i Blodvika. Kommunestyret tilslutta seg til dette i samband med at kommune vår kjøpte store bustadområde her i desember 2025.

Kommunen skreiv i same skriv og følgjande: «*Austrheim kommune vil i løpet av året vurdere om me også skal overta drift og vedlikehald av heile vegstrekninga dykkar ut til snuplassen ved turskiltet til Øksnes. Det må vera ein god snuplass for større vedlikehaldsbilar for å snu trygt, og bilvegen må og vera brei nok så det er naturleg at me stoppar der. Det at det bur fastbuande her ute vert og vektlagt sterkt i denne saka. Det er sjølvsagt at de i Årsvågen velforening då må ynskje å få dette vurdert av oss, gi oss gjerne ein tilbakemelding på dette spørsmålet.*» Det er såleis dette skrivet Årsvågen velforening no har svart positivt på.

I skrivet kommunen sendte ut vart det merka eit kart med raud pil kor langt me tenkte kommunal drift og vedlikehald kunne verta på hovudvegen Årsvågen, sjå under:



Naturleg å vurdere kommunal drift og vedlikehald til snuplass over på sikt

Alternativ


Det er at Årsvågen velforening eller privatpersonar driftar vegen frå Blodvika og nordover framover.

Økonomiske konsekvensar

Vegen på om lag 600 meter er nyasfaltet og er i god stand. Hovudstrekninga ut i Årsvågen som kommunen driftar i dag er på om lag 1600 meter. 600 meter til å drifta vidare vil vera ein ekstrakostnad for kommunen i året stipulert til om lag kr 30.000. Det er relativt liten trafikk her, og ingen gjennomkøyring og denne vegen er i god stand. Det må vektleggjast at det bur fastbuande her som skal til arbeid og skule. Det vil og verta ei sak som kjem opp snart om avhending av kommunevegar der det ikkje bur fastbuande lenger, så det kan føra til innsparingar totalt sett. Det vert og lettare for kommunen å selja bustadtomtar i dette området om kommunen driftar vegen ut hit som omsøkt.

Austrheim kommune har alt teke over VA-anlegget i området her. Utviklinga i feltet er at det vert fleire og fleire fastbuande her. Det er registrert 11 fastbuande i dag nord for krysset til Blodvika. Kvar fastbuande genererer inntekter til kommunen. Det vil koma fleire fastbuande her framover, det er ei naturleg utvikling. Dei fleste bebygde tomten her er bygd med bustadstandard. Det gjer det lett å flytta hit for folk som vil bu her fast.

Me har verdivurdering på gang på ulike tomtar/felt som kommunen eig her. Takstfirma er under arbeid no. Kommunen har det siste halvåret vist fleire utbyggjarar og potensielle tomtekjøparar området me kjøpte i desember 2025. Dei områda me eig nord for krysset her er vist på kart under:



Raude område er der kommunen eig areal nord for avkøyringa til Blodvika (raud strek)

Miljømessige konsekvensar

Det er positiv for miljøet og klimagassutsleppet at same verksemdar kan brøyta og strø heile vegen ut her som omsøkt. Det gjer det og lettare for folk som bur her at det vert kommunal drift og vedlikehald av vegen fram hit som i resten av Åråsfeltet. Det har positive miljømessige konsekvensar for lokalmiljøet her at dette vert gjort samstundes, og at ansvaret ligg ein stad. Det er lett å opparbeida ein snuplass der me meiner at kommunen sitt ansvar bør stoppa, sjå kart over.

Kommunedirektøren er samd med det Åråsvågen velforening skriv om at: *Utviklingen viser også at flere eiendommer etterhvert er blitt bolig for fastboende, bl a flere familier med barn. Pr i dag er i alt sju eiendommer fastboende. Disse bruker veien i forbindelse med kjøring til barnehage, skole og fritidsaktiviteter.*

Det er og mange turfolk som går og brukar vegen ut hit når dei skal på tur i nærområdet her. Vegen vart nyasfaltet her i 2021 og er i god stand. Kommunedirektøren meiner at det og må vektleggjast at Austrheim kommune har teke ansvar for VA-leidningar som ligg langs køyrevegen her. Drift og vedlikehald av VA-anlegget vert og enklare å gjennomføra når me har ansvar for tilkomstvegen her. På sikt må det etablerast eit fortau her og, det er i tråd med reguleringsplanen frå 2002. Etter veglova § 1 er hovudregelen at private vegar skal haldast ved like av dei som brukar eller eig vegen. Dersom kommunen vel å ta over drift og

vedlikehald så vert dette rekna som utøving av kommunalt sjølvstyre og økonomisk prioritering, noko som ikkje krev lovheimel så lenge det ikkje rører ved private rettar. Det at me og er grunneigar til grunnen vegen er lagt på, og at i tillegg at velforeninga som representerer tomteeigarane ynskjer dette, gjer saka enkel juridisk sett. Det må og vektleggjast i saka at denne strekninga er regulert som offentlig veg alt i 2002.

Kommunedirektøren synes det er naturleg at snuplassen ved enden av vegen som me overtek vert opparbeidd og skilta i løpet av våren 2027, dette mindre tiltaket kan innarbeiddast i budsjettet for 2027. Det er ikkje ein stor kostnad, større bilar snur her alt i dag. Kart under viser kor snuplass kan etablerast:



Snuplass kan opparbeiddast i området vist på fotokart over

Resten av vegen nord for snuplassen (om lag 300 meter) må driftast av dei private grunneigarane som før, denne vegen er smal og har ikkje god nok standard i dag. Det er fastbuande her og, men den må driftast av mindre køyrety, og det er difor ikkje naturleg å ta over dette strekninga, etter kommunedirektøren sitt syn.

Kommunedirektøren rår etter ei samla vurdering til Austrheim kommune tek over omsøkt veg som kommuneveg og driftar denne frå 1. oktober 2026.

Kommunedirektøren si tilråding

Austrheim kommune tek ansvar for kommunal drift av vegen frå krysset i Blodvika og om lag 600 meter nordover som omsøkt av Årsvågen velforening. Det vert etablert ein snuplass der kommunevegen skal enda, den er vist på kart i saksutgreiinga over.